

Årsmelding for Jostedal Spel-og Dansarlag

26.

Året 2006 har vore eit aktivt år for Jostedal Spel-og dansarlag.
Årsmøte vart halde den 17.02.2006 på Jostedal hotell.
17 medlemar møtte.

Styret vart då: Asbjørg Ormberg, leiar
Eldbjørg Haugen, nestleiar
Janniche Hovland, kasserar
Arne Aasen Hauge, skrivar
Helene Myklemyr Bolstad, styremedlem
Tordis Vigdal og Liv Anny Kjærvik (ny) varamedlemar til styret.

Valnemnd: Vigdis Bakken, Venke Lill Sagerøy og Einar Ese.
Revisor: Gunnar Ruud (Halldor Sperle vara)

Det har vore halde 6 styremøte og handsama 34 saker gjennom året.
Det er ca. 58 medlemmer i laget.

Medlemspengane vart på siste årsmøtet fastlagde til kr. 50,- til lokal-laget.
Medlemspengar totalt vert då kr. 210,- for vaksne . (60,- til fylkeslaget, 100,- til LFS)
Medlemsskap gjev rett til reduksjon i kursavgift t.d.

Aktivitet i laget.

Opplæring:

- Harald Hesjevoll gav opplæring i hardingfele og trekkspel fram til sommarferien. Else Marie Haugen gav opplæring på fele fram til påske. Frå hausten 2006 har det ikkje vore gitt opplæring i speling. Laget satsa i staden på å gje opplæring i dans, då spesielt jostedalsspringaren. Dette vart gjort i skuletida, og Anne Kristin Haugen var lærar 1 t/veke for elevane på 5.-7.årstrinn ein periode på ca. 2 månader. Denne aktiviteten skal takast opp att no etter påske. Då vil ein leggje hovudvekta på halling/parhalling, men òg friske opp att jostedalsspringaren. Mange av elevane meistra dansen godt, og vart flinke til å danse springar.

- Det vart skipa til kurs i hardingfelespel fyrste helga i januar. Lærar var Håkon Høgemo. Responsen så god at læraren vart spurd om å kome att om eit år, noko han straks sa ja til
- I staden for verkstadhelg, vart det halde springarkurs helga 10-12.november. Morten Vigdal og Anne Kristine Haugen (med litt hjelp av Eldbjørg Haugen) var lærarar, og det var både unge og vaksne med på kurset. Mari Ormberg var med og spela til kurset.
- Det har vore opplæring / øving i springar delvis gjennom heile året. Morten Vigdal tek ansvar for denne aktiviteten.

Deltaking på kappleikar, stemne og kurs:

- Jostedal Spel- og dansarlag har hatt deltakarar på både Fylke. Hornindal), Landskappleik (på Beitostølen) og Vestlandskapp. Øystese). Også på landsfestivalen i Melhus.
- Det var også i år deltakarar på Mo- kurset. Og på sjokoladekappleiken.
- Fleire av våre utøvarar er elles med på kappleikar og stemne rundt om i landet.
- Ida Kristine og Oda Heidi var med på kurs/opplæring i samband med utvekslingsprosjekt med musikkstudentar frå Skottland. Dette fann stad her i Jostedal, fyrst i juli.
- Dei unge og yngste er flinke til å vere med på tilskipingar her i dalen (juletreff, julekonsert, 17.mai, årsmøte m.m.
- Utøvarar frå JSD er med på utegudstenester og andre kyrkjelege tilskipingar.
- Arne Aasen Hauge og Solveig Sperle var utsendingar til fylkesårsmøtet i Hornindal.
- Nokre var på kurs i Springleik i Vågå.
- Laget deltok på jonsokfeiring på Breheimsenteret med musikalske innslag, danseinnslag og spel til gamaldans.
- Morten Vigdal og Mari Ormberg fekk sett opp ein folkemusikal sommaren 2006. Medverkande var Morten Vigdal og Anne Kristin Haugen, dans, Asbjørg Ormberg, song og Mari Ormberg, spell. Det vart halde 8 framsyningar, og det var eit positivt publikumstal. Dette syner at folkemusikken og dansen har ein berettiga plass i det tilbodet som turistane vert tilbydde i Jostedal.
- Søndagskonserten under arrangementet "Blåe tonar 2006" i Jostedal kyrkje vart framført av Helene Myklemyr Bolstad, Mari Ormberg og Asbjørg Ormberg.

Filskippingar

- I samband med kurset i hardingfelespel i januar, vart det skipa til gamaldanskveld på hotellet. Fleire gamaldansgrupper var med. Ein fin kveld med god dansestemning.
- Den 21. april hadde me medlemskveld. Kosekveld med pizza og prat, og så folkemusikk-quiz.
- Laurdag 17.juni inviterte me til festkveld i Samfunnshuset. Då hadde me Norum songlag som gjesteartistar. Etterpå var det dans til musikk av Luster Trekkspelklubb. Ein kjempeflott kveld, fullt hus!
- Det vart skipa til gamaldanskveld i samband med springarhelgi. Me var då så heldige å få gruppa "Dal-i-mellom" på besøk. Bassisten, Geir Aspheim, som er godt kjend i dalen, og dei andre i gruppa, tok publikum med storm denne kvelden. Ida Kristine og Helene var òg på scena i godt samspel med friskusane frå Jevnaker. Godt oppmøte av bygdefolk.
- Fredag 29.09. fekk me besøk av Jon Faulstad og Per Sæmund Bjørkum. Dei heldt ein strålende flott konsert fyrst. Så var det dans der Luster Trekkspelklubb spelte, pluss at gjestene Faulstad og Bjørkum spelte. Ein fin-fin kveld med ca. 50 frammøtte.
- Laget skipa til julebord på Jostedal Hotell laurdag den 16.12.2006. I år var det Hagen & Åberge som spelte til dans, og desse fekk mykje skryt denne kvelden. Eit fint julebord, god stemning og ca. 137 til bords.
- Jostedal Spel-og dansarlag var med på markeringa av utgjevinga av Lars Stølen si diktsamling, Glør i grua. JSD deltok med song, spel og dans. Dikta til Lars Stølen, som han har tonesett fleire av sjølv, har vorte brukte ved mange høve av fleire av utøvarane i JSD. Me er svært glade for denne skatten.

Ymse:

- JSD tok som vanleg sin del av arbeidet på 17.mai (selje is og brus)
- JSD er òg med som tilskipar av Blåe Tonar-arrangementa både vår og haust, og stiller då med vakter. I mars 2006 var det konsert med Jonas Fjeld. Kjempeflott kveld.

Blåe tonar-arrangementet i august hadde mange store namn, som Henning Kvitnes, Den Norske Amerikalinje, Frank Eriksen m.fl. Men gruppa Tore Nesbakk Bluesband, der Anders Olav Ese er med, hausta òg stor applaus fredag kveld.

- Lars Stølen - fela er byrja på rundgongen hjå interesserte spelemenn/kvinner i laget.
 - 1.periode: Oda Heidi Bolstad (01.01.2006-01.07.2006)
 - 2.periode: Else Marie Haugen (01.07.2006 – 01.07.2007) Har fått utvida perioden sin, grunna fødsel.
 - 3.periode: Ann Kristin Sperle (01.07.2007 – 01.01.2008)
 - 4.periode: Mari Ormberg (01.01.2008 – 01.07.2008)
- Nokre av felene til JSD er utlånte til unge felespelarar som er elevar i Luster Kultur-og musikkskule.
- Det vart i haust starta eit tilbod for born i alderen 4-10 år i dans, song og drama. ”Rupeungane” kallar dei seg. Det er Anne Kristin Haugen, Eli Bjørhusdal og Jannicke Hovland som leiar dette prosjektet, og JSD støttar tiltaket økonomisk. Me har allereide fått sett kva gruppa står for, og det var imponerande!
- Me er glad for at fleire ”systerlag” er med på å halde danseinteressa oppe hjå folk. Me tenkjer då på ”Lystringen” og ”Bondedansarane”. JSD vil vere med og leggje til rette for spesielle kurs for dansarar, så som springarkurs, kurs i pols, swing o.a.
- Det har vore arbeidd med å få ut gamle filmar frå arkiv (i Trondheim, RFF , og NRK i Oslo) Me lukkast med å få fortgong i å få spele over filmane i Trondheim til DVD-format. Ved NRK sitt arkiv arbeider dei med saka.
- Jostedal spel-og dansarlag har mange gode støttespelarar. Laila Gjerde er ei av dei. Det er alltid så lett å få arrangere kurs og dans eller andre aktivitetar hjå henne. Laget tok difor initiativ til å få gitt ho eit handmåla bilete, portrett av Laila måla av Arvid Elvekrok. Biletet vart overrekt på julebordet. Fleire lag er med på dette.

Laget er òg svært takksame for alle dei spelemenn-og kvinner som stiller opp ved mange høve. Sameleis dansarar og andre utøvarar som er med på å profilere laget og bygda. Styret takkar alle som på mange måtar stør opp om arbeidet med kulturarven vår.

Arbeidsplan for Jostedal Spel-og dansarlag for året 2007

- Drive opplæring
- Halde kurs (har fått midlar til kurs i å bygge langeleik, og spel hardingfele og verkstadhelg)
- Lage til festlege samkomer (Kaupanger Bygdakor + teatergruppa vil kome med Jakop Sande-program)
- Vere med på Blåe tonar-arrangementa
- Vere pådrivar til å få deltakarar med på kappleikar og kurs og stemne
- Støtte andre grupper som driv med aktivitetar innan vår sjanger.
- Vere ein aktiv organisasjon i bygda
- prøve å skaffe økonomi til tiltaka våre.
- Halde instrumenta ved like.